



Formidlar Kathrine Svendsby forklarar Tobias Fuglestrand (t.v.) og Henrik Holmøy Holoik korleis dei kan lage englar av papir.



Nikolil Stegrist Silferhielm (nærmast), Berent Sandene, Elias Gloppestad Solberg, Eirik Søreide Gjengedal og Mads Eikrem Søreide får prøve seg på å lage rosinenlenker.



Julepynten i gamle dagar var som regel heimelaga. Rosiner i lenker og fuglar laga av sjokoladepapir og anna papir var vanleg.



Mia Huus Fjellestad og Nikoline Gloppestad viser fram fuglane dei har laga.



På veg til låven med graut til nissen. Formidlingsleiarer fører an, elevane har det travelt med å kome fram...



No kan nissen berre kome. Han har til og med fått sin eigen kubbe å sitje på.

Lærere om julefeiring før i verda

- Nordfjord folkemuseum inviterer skuleklassar til å lære om gamaldags julefeiring
- Elevane får høyre historier, lage pynt og gå med graut til nissen

– I gamle dagar pynta ein gjerne juletreet med tørka frukt, nøtter og englar laga av sjokoladepapir, fortel formidlingsleiar Lisanne De Blecourt ved Nordfjord folkemuseum til 3. klassingar ved Sandane skule.

FT.: Aadne Gloppestad

I det gamle fargeriet til Fargar-Agnete brenn det friskt i grua, og det vesle juletreet i hjørnet er pynta med levande lys frå ei svunnen tid. Rundt langbordet sit ein lydhør gjeng som syg til seg forteljningane dei får høyre om julefeiring på oldeforeldra si tid. Det nærmar seg jul også på Nordfjord folkemuseum.

Gamaldags julestemning

– Ser de all veden som er stabla opp ved grua? Det er juleveden. I gamle dagar bar dei alltid inn rikeleg med ved til jul, så dei skulle sleppe å gjere det i julehelga, seier Lisanne De Blecourt.

Elevane sit med store auge og får høyre om slakting av julegrisen, baking, pynting av juletreet og alt som høyrde jula til for eit hundreår sidan. Mange av tradisjonane er tekne vare på og haldne i hevd, men noko er også blitt borte på vegen.

– Vi ønskjer å formidle korleis juleforebuingane og julhogtida blei feira i gamle dagar, og gjenskape den gode gamle julestemninga. Det er viktig å hugse at jula er meir enn berre julemessar og gaver. Vi fokuserer på korleis det er å lage noko sjølv, og få litt større perspektiv på ting. Jula er også ei tid då ein skal vere saman og vise at ein er glade i kvarandre, seier De Blecourt.

Èi einaste julekule

Etter å ha opplevd den spesielle stemninga i fargeriet, går elevane vidare til hovudbygningen på museet.

Der ventar Kathrine Svendsby som viser korleis juletrepynten blei laga i skikkeleg gamle dagar.

– Det var ikkje berre å gå på butikken og kjøpe glanspapir den gongen. Ein sparte på sjokoladepapir, tok det fram til jul og laga pynt av det. Viss ein hadde bilete av ein nisse på eit papir, klypte ein det ut og limte det på eit stykke aluminiumsfolie, fortel Svendsby og viser fram ei glinsande julekule.

Slike var langt sjeldnare før i verda i dag.

– Av og til hadde dei berre éi einaste julekule i helle treet. Den var dei alltid veldig redde for, seier formidlarer og deler ut saks og papir så ungane sjølv kan få lage fuglar og englar til å pynte treet med.

– Kjekt

– Det er spennande og kjekt å lage julepynt på gamlemåten, seier Mia Huus Fjellestad og Nikoline Gloppestad medan dei festar tvistpapiret som fungerer som vengjer på fuglane dei er i ferd med å gjere ferdige.

– Julefeiringa er heilt annleis no enn før, dei hadde ikkje like mange juleting som vi har, dei måtte bruke det dei hadde, slår dei to jentene fast og fortel at dei skal henge fuglane dei har laga på juletreet heime. Etter å ha gjort fuglane "flygedyktige", går turen til Frislidlada. Grauten er klar, no skal han serverast til nissen. Nissen som bur på museet er naturlegvis ikkje av den amerikanske typen som har raud drakt og deler ut gaver. Nei, der bur den gode, gamle norske fjøsnissen som ser etter dyra

året rundt om ein steller godt med hagen og set ut graut til han ved juletid.

– Overvelda av stemninga

Men sjølv etter at elevane har sunge "På låven sitter nissen", er ikkje nissefar å sjå. Mest truleg torer han ikkje å kome fram så lenge der er nokon i nærleiken. Han likar nok best å arbeide i det stille og halde seg litt i bakgrunnen.

Men det lyt han få lov til. Inne ventar det nemleg graut også til skuleelevane.

– Vi har vitjing av skuleklassar kvar dag i to veker. Opplegget vårt er blitt veldig positivt motteke. Elevane blir heilt overvelda av stemninga i fargeriet. Ein dag var det ei jente som sa at det kilte i magen for det var så koselig der. Då har vi kome fram til noko, vi har gjeve elevane ei god oppleving, smiler Lisanne De Blecourt og skundar seg vidare.

Det er ikkje berre nissen som vil ha graut...

Fargeriet ved Nordfjord Folkemuseum er pynta til jul. Formidlingsleiar Lisanne De Blecourt fortel om jul i gamle dagar til elevar i klasse 3b ved Sandane skule.

